

Du spør kva som kjem etter dette  
og eg ser forbi deg og ut på den grå morgenon.  
Trykket i brystet blir sterkare  
og med eitt fell grunnen vekk under meg.

Regndropar renn nedover ruta  
dannar eit finmaska mønster.  
Eg ser deg rett i augo og seier  
at etter dette vil alt bli annleis.

---

Trekk pusten  
tenkjer på fortida  
Trekk pusten  
tenkjer på  
framtidia  
Trekk pusten  
tenkjer på  
her og no-  
det stramar seg i brystet  
det snører seg til i halsen  
eg veit ikkje lengre kva  
eg skal seie  
kva eg skal  
tenkje  
kva eg skal  
føle

Pusten på  
ruta  
Bølgjene mot  
stranda  
Skyene på  
himmelen  
Livet eg held  
i hendene

Det kjem  
og forsvinn  
Det festar seg aldri  
Det renn ut av hendene  
som sand når du held den litt for hardt

Med deg kan eg puste  
inn  
og  
ut

Med deg kan eg være  
Her  
og  
no

Med deg kan eg  
kjenne etter  
på det eg vil skubbe  
vekk

Med deg kjennes alt  
som eit øyeblikk  
eg vil vera i

---

Den varme pusten på ruta  
Skriv namnet ditt  
Ser det forsvinne  
Lyden av is som knekk  
Lyden av fottrinn i frose gras  
Nordlyset som stille sveipar forbi

Held fast i denne augneblinken  
Prøver å hente fram minna om det som var  
Dei varme hendene  
Brua  
Elva som renn svart og voldsom under oss  
Den veksande kjensla av noko ekte  
og varig